

Kva vil vi gjera?

For å skapa ein god kontorarbeidsplass ønskjer vi å byggja om den noverande lesesalen til eit kontorlandskap. Kontorlandskapet vil vera basert på at folk tar med eigne pc-ar, men ein vil også ha eit par pc-ar tilgjengeleg, saman med ein skrivar/kopimaskin/scannar.

Kontorlandskapet vil liggja i umiddelbar tilknytning til eit stort møterom, som også kan nyttast av brukarane av kontorlandskapet.

Vi ser for oss at dette rommet skal vera fleksibelt og også kan nyttast til små (data)kurs.

Vi tenkjer oss også at vi vil etablera nokre få arbeidsplassar i det opne biblioteklokalet, som kan nyttast til korttids plassar, for folk som har trong for ein arbeidsplass berre for nokre timar.

Tinging av kontorarbeidsplassane skjer via nettsida vår Bibvest.no og/eller AktivFjell som allereie er velfungerande.

Vi vil også byggja opp ei aktuell samling litteratur innafor bedriftsøkonomi, entreprenørskap, bedriftsetablering, leiging, organisasjonsteori, marknadsføring, prosjektstyring, m.m.


Kven vil vi samarbeida med

For å få prosjektet oppe å gå, tenkjer vi at det er naudsynt å koma i kontakt med arbeidsplassane. I første omgang vil vi ta kontakt med Vest Næringsråd, for å diskutera behov og løysingar. Neste fase vil vera å få informasjon om tilbodet ut til aktuelle innbyggjarar. Det beste vil sjølvsagt vera at vi kan få denne informasjonen ut gjennom aktuelle arbeidsplassar.

Det er allereie i dag nokre få som nyttar biblioteket som heimekontor, men vi har ikkje formidla dette tilbodet aktivt ut. Dette fordi vi ikkje meiner at biblioteket er godt nok tilrettelagt slik det er i dag.

Stadfesting av eigendel

Eg stadfestar med dette at Fjell kommune vil stilla til rådvelde den kommunale eigendelen til dette prosjektet



1. oktober 2015

Lennart Fjell
Kultursjef

Fjell kommune

Biblioteket som heimekontor

«Be the future»

Søknad frå Fjell kommune om å bli modellbibliotek

Bakgrunn for søknaden

Fjell kommune og dei to andre kommunane vest om Sotrabrua, går ein del år i møte med lange køar frå og til Bergen, før det nye Sotrasambandet er ferdigstilla rundt 2022. Arbeidsgjevarane vil i større grad oppleva å få meir stressa og frustrerte arbeidstakarar, og arbeidstakarane vil oppleva fleire utfordringar knytt til å få kabalen med heim og arbeid til å gå i hop. I eit samfunnsmessig perspektiv, vil det sjølvsagt også vera meir miljøvenleg om fleire lar bilen stå.

I denne utfordrande kommunikasjonssituasjonen vil bruken av heimekontor verta ein stadig meir aktuell løysing for mange. Bruken av heimekontor er eit alternativ til å bruka mykje tid i kø, til og frå arbeid, der det er mogleg.

Megatrender i tida, som individualisering, globalisering og digitalisering, er faktorar som også vil gjera bruken av heimekontor meir aktuelt for mange. I tillegg er det mange gründarar og einmannsfirma som treng ein arbeidsplass utanfor heimen.

Men det er ikkje alle som kan, eller ønskjer, å nytta heimen sin til kontor. For det første kan det vera vanskeleg å konsentrera seg i sin eigen heim. Det er alltid ein vaskemaskin som skulle vore sett på, noko som skulle vore rydda, eller ein oppvask som skulle vore tatt. I tillegg får ein ikkje det sosiale med kollegaer og eit arbeidsmiljø. Mange ønskjer også eit større skilje mellom arbeid og privatliv. Ved å nytta biblioteket som heimekontor vil vi vera eit alternativ til det private, ein vil oppfylle eit sosialt behov og vonaleg bli eit spanande fagmiljø for menneske med ulik kompetanse og interressar

I ein globalisert verd, vil folk i framtida jobba mot andre frå heile verda, og gjerne på ulike tidspunkt på døgnet. Kan hende skal biblioteket sine kontorarbeidsplassar vera tilgjengelege 24 timar i døgeret?